



## Referat frå møte i styringsgruppa for Sogn for alle

**Møtenummer:** 2/2020

**Møtedato:** onsdag 30/9/2020

**Tid:** Kl. 12:00 -14:30

**Stad:** Dalavegen 2, kantina i 2 etg.

### **Deltakarar:**

Ordførar: Hilmar Høl, Årdal kommune

Rådmann: Øistein Sjøvik, Vik kommune

Flyktingteneste: Turid Stigen Sørensen, fagleiar Aurland/Lærdal flyktingteneste i NAV

Næringsapparat: Torgeir Skålid, dagleg leiar Sogn Næring

Vidaregåande skule: Torill Thorbjørnsen, rektor Høyanger vidaregåande skule

Vestland fylkeskommune: Jan Heggheim, fagdirektør, avdeling for innovasjon og næringsutvikling

NAV: Sara Johnsborg, leiar NAV region Sogn

Næringsliv: Tom Dyrdal, Avery Dennison (NTP)

Sogn regionråd: Karina Nerland, dagleg leiar og Heidi Myrvold, prosjektleiar

Forfall: Frivillig organisasjon: Bjørg Eikum Tang, Sogndal Røde Kors

### **Sak 6/20 Opning**

Godkjenning av innkalling og sakliste

Referat frå møte 3. juni 2020 – ingen spørsmål og kommentarar

### **Sak 7/20 Orienteringar – jf presentasjon**

Felles formannskapsdag: Innleiing om Sogn for alle på felles møtedag 4.9.2020

Kartlegging – møte med kommunane: Oppsummering av kartlegginga med kommunane var utsendt til møtet.

Fellesmøte med dei kommunale kontaktpersonane: Vil bli jamlege mellom prosjektleiar og kommunale kontaktpersonar.

Mentorprogrammet: Program for kompetansepåfyll for tilsette som gir opplæring og støtte til dei som kjem nye i arbeidslivet. Viktig at bedrifter med rekrutteringsbehov er med. Første samling 13. oktober. Prosjektleiar er i kontakt med bedriftene for å få fleire mentorar til programmet.

Kick-off 1. desember: Mål om å skape blest og forståing for prosjektet. Innspel på målgruppe i møtet. Arbeidsgruppa jobbar vidare med konferansen.

Runde med innspel frå styringsgruppa:

- Om lag halvparten av innvandrarar er arbeidsinnvandrarar
- Norskopplæring i arbeidslivet er viktig for at arbeidsinnvandrarar blir verande
- Tilgang på gjennomgangsbustader og moglegheit for å gå frå leige til eige
- Bustad bør ligge i nærleiken av arbeidsplassen, gir trivsel

- Store forskjellar mellom kommunane og derfor bør verktøykassa vera ulik
- Iverksetje regionale tiltak utifrå felles utfordringar. Fokusera på nokre tiltak.
- Regionalt arbeid for å styrke utviklingsarbeidet i kommunane
- Knytte saman planarbeidet i regionrådet og dei kommunale planane/planstrategi
- Nettverk for mangfaldig rekruttering: Synleggjera gevinsten (rekruttera arbeidskraft, kompetansebehov). Bedriftene må oppleve at dette hjelper dei i sitt arbeid. Innspel om tiltakspakke /tilflyttarpakke.

#### **Sak 8/20** Framlegg handlingsplan 2020-21

Gjennomgang av framlegget og drøfting i styringsgruppa. Handlingsplanen 2020-2021 går til Sogn regionråd 30. oktober for godkjenning.

#### **Sak 9/20** Organisering av arbeidspakkane

Framlegget til organisering vart lagt fram i møtet, jf. vedlagde presentasjon. Eit medlem frå styringsgruppa får ansvar for å leia ei arbeidspakke ilag med kommunale kontaktpersonar og andre. Prosjektleiari har ansvar for å koordinera arbeidspakkane.

Styringsgruppa ønskjer ei tydelegare bestilling til arbeidsgruppene til neste møte.

#### **Sak 10/20** Framlegg til ansvarskart

Ingen merknader.

Det må sikrast at det går løypemeldingar frå styringsgruppa til regionrådet.

Sogn for alle kan ha noko å bidra med i høve til fylkeskommunen sitt planområde om innovative samfunn.

NAV sitt utviklingsprosjekt, der styringsgruppa er leia av kommunedirektøren i Årdal, kan ha tangeringspunkt med Sogn for alle.

#### **Sak 11/20** Framlegg til kommunikasjonsplan

Tilføyning i planen om at møtereferrata frå styringsgruppa går til politisk og administrativ leiing i kommunane.

Elles ingen merknader.

#### **Sak 12/20** Møteplan

Neste møte i november/desember som digitalt møte.